

Kvartalsrapport

1. kvartal 2026



Innholdsfortegnelse

Nykeltal	3
Samandrag og utsikter – 1. kvartal 2026	4
Finansiell utvikling.....	5
Rekneskapsprinsipp	5
Driftsinntekter	5
Driftskostnader	5
Resultat	5
Tap på utlån	5
Rådveldekapital.....	6
Innskot frå kundar	6
Utlån til kundar.....	6
Aksjar og renteberande verdipapir.....	6
Eigenkapital og kapitaldekning.....	6
Likviditet	7
Misleghald.....	7
Resultatrekneskap	9
Balanse.....	10
Eigenkapitaloppstilling.....	12
Notar	13
Note 1. Generell informasjon.....	13
Note 2. Rekneskapsprinsipp.....	14
Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring.....	16
Note 4. Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	16
Note 5. Kredittsvekka engasjement	17
Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unytta kredittar og lånetilsagn.....	18
Note 7. Kapitaldekning.....	21
Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi	22
Note 9. Verdipapirgjeld	23
Note 10. IFRS leigeavtalar	24

Nykeltal

1. kvartal 2026 (morbank)

23,8 mill.

Per utgangen av kvartalet har banken eit driftsresultat før tap og skatt på kr 23,8 mill.

39,1 mill.

Totalresultatet kr 39,1 mill. Resultat etter tap og skatt er kr 17,8 mill.

1 287 mill.

Banken sitt egenkapitalfond er på kr 1 287 mill. Av dette utgjør teljande eigenkapital kr 1 216 mill.

38,5 %

Rein kjernekapitaldekning på 38,5 %.

5 499 mill.

Banken har innskot frå kundane sine på kr 5 499 mill. Dette er fordelt med 22,8 % til bedrifter og 77,2 % til privatkundar.

5 863 mill.

Banken har lånt ut kr 5 863 mill. til kundane sine, inkl. kr 267 mill. som er overført til Verd Boligkreditt AS. Utlåna er fordelt med 24,5 % bedrifter og 75,5 % til privatkundar.

6,0 %

Innskotsveksten siste 12 månadane er på 6,0 %. Av dette ein auke frå bedrifter på 5,6 % og ein auke på 6,2 % frå privatkundar.

5,1 %

Det er ein auke i utlån siste 12 månadane på 5,1 %. Av dette 0,2 % til bedrifter og 6,8 % til privatkundar. Veksten er inkl. endringar i lån overførde til Verd Boligkreditt.

7 168 mill.

Banken sin rådveldekapital var ved kvartalet er kr 7 168 mill. I tillegg til innskot frå kundar og eigenkapital, har banken finansiert kr 300 mill. i pengemarknaden.

50,0 %

Kostnadsprosenten per utgangen av kvartalet var 50,0 %.

Samandrag og utsikter – 1. kvartal 2026

Voss Sparebank leverer eit rimeleg godt resultat for fyrste kvartal 2026. Banken oppnådde eit driftsresultat på kr 23,8 mill., med eit resultat etter tap og skatt på kr 17,8 mill. Totalresultatet enda på kr 39,1 mill.

Til samanlikning var driftsresultatet for same periode i fjor kr 26,2 mill., medan resultat etter tap og skatt var kr 22,5 mill.. Totalresultatet var då kr 33,5 mill.

Samla driftsinntekter utgjorde kr 47,4 mill., noko lågare enn same periode i fjor der driftsinntektene var kr 48,1 mill. Nedgangen skuldast hovudsakleg lågare rentenetto, delvis motverka av auka andre driftsinntekter.

Driftskostnadane auka samanlikna med fjoråret, primært som følgje av fleire tilsette og generell kostnadsvekst, særleg innan IT.

Tap på utlån er framleis låge, og auken i tapskostnader samanlikna med fjoråret skuldast hovudsakleg ei større tilbakeføring i første kvartal 2025. Utlånsveksten siste 12 månader var 5,5 %, med god utvikling i privatmarknaden.

Framover er det venta framleis god aktivitet i privatmarknaden og eit stabilt kredittrisikobilete. Arbeidet med lønsam vekst, kostnadskontroll og vidareutvikling av verksemda vil halde fram til beste for kundar og lokalsamfunn. Samstundes er det forventa ei viss svekking av lønsemda som følgje av vedvarande marginpress og kostnadsvekst. Banken har likevel god soliditet og likviditet, og motiverte tilsette som gjer ein viktig innsats for banken og fellesskapet. Som lokal sparebank arbeider Voss Sparebank kontinuerleg for å levera gode kundeopplevingar, med mål om å vera det naturlege fyrstevalet for bank- og finansieringstenester på Voss og i bygdene rundt.

Finansiell utvikling

Rekneskapsprinsipp

Delårsrapporten er utarbeidd i samsvar med gjeldande forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8 og IAS 34 Delårsrapportering.

Driftsinntekter

Samla driftsinntekter i kvartalet er kr 47,4 mill., redusert frå kr 48,1 mill. i fjor.

Rentenettoen i kvartalet var kr 40,6 mill., endra med kr -1,7 mill. samanlikna med same periode i fjor. I høve middelverdien av banken sin rådveldkapital (MVR) utgjer dette 2,32 % mot 2,56 % i fjor. Renteinntektene på utlån, sett i høve middelverdien av brutto utlån, utgjer 5,3 % så langt i år, mot 5,9 % i fjor. Rentekostnadane på innskot utgjer 2,5 %, mot 2,8 % i fjor.

Andre driftsinntekter i kvartalet er kr 6,8 mill., ein auke frå kr 1,0 mill. samanlikna med same periode i fjor.

Driftskostnadar

Driftskostnadane i kvartalet var kr 23,6 mill., ein auke frå kr 22,0 mill. for same periode i fjor. Dette svarar til ein kostnadsauke på 7,4 %. Auken skuldast primært fleire tilsette og generell kostnadsvekst, særleg innan IT. I driftskostnadane ligg det òg kr 1,7 mill. i finans- og formueskatt.

Resultat

Per utgangen av kvartalet leverte Voss Sparebank eit driftsresultat før tap og skatt på kr 23,8 mill., ein reduksjon frå kr 26,2 mill. i same periode i fjor. For inneverande år utgjer dette 1,36 % i høve middelverdi av banken sin rådveldkapital (MVR), mot 1,58 % i fjor.

Etter tap og skatt var resultatet kr 17,8 mill. (1,02 % av MVR), mot kr 22,5 mill. i fjor (1,37 % av MVR).

Totalresultatet enda på kr 39,1 mill., opp frå kr 33,5 mill. i fjor. Auken i totalresultatet kjem i hovudsak av verdiendringar på anleggsaksjar.

Tap på utlån

Tap på utlån er framleis låge. I 1. kvartal 2026 er tapa kr 0,5 mill., ein auke på kr 3,9 mill. samanlikna med fjoråret. Auken i tapskostnader skuldast hovudsakleg ei større tilbakeføring i første kvartal 2025. Sjå note 5 og 6 vedkomande tap og nedskrivningar på utlån og misleghaldne lån.

Rådveldekapital

Rådveldekapitalen pr. 31.03.2026 var kr 7 168 mill., ein auke frå same periode i fjor på kr 406 mill. (6,0 %). Med tillegg av kr 267 mill. overført til bustadkredittføretaket, utgjer forretningskapitalen på 7 458 mill. På same tidspunkt i fjor var forretningskapitalen kr 7 018 mill.

Innskot frå kundar

Innskot frå kundar per 31.03.2026 var kr 5 499 mill., ein auke siste året på kr 286 mill. (6,0 %). Innskotsveksten mot privatkundar er 6,2 %, medan innskotsveksten mot bedriftsmarknaden er 5,6 %.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar per 31.03.2026 var kr 5 863 mill. Dette er inkludert kr 267 mil. lån som er overført til bustadkredittføretaket. Utlånsveksten siste året er kr 283 mill., tilsvarande 5,1 %.

Utlånsveksten mot privatmarknaden er 6,8 %, medan veksten mot bedriftsmarknaden var 0,2 %.

Innskotsdekninga (innskot frå kundar i % av brutto balanseførde utlån) er 98,3 %. Medrekna lån som er overført til bustadkredittføretaket, var innskotsdekninga 93,8 %.

Summen av innskot og eigenkapital utgjer 121,6 % av brutto balanseførde utlån. Samla nedskrivingar var 0,69 % av brutto balanseførde utlån, mot 0,67 % i fjor.

Aksjar og renteberande verdipapir

Per utgangen av 1. kvartal 2026 var behaldninga av obligasjonar og sertifikat kr 759 mill., opp frå kr 524 mill. på same tidspunkt i fjor. Behaldninga består i hovudsak av verdipapir med kort restløpetid.

I tillegg har banken ei aksjebeholdning på kr 332 mill., mot kr 260 mill. på same tidspunkt i fjor.

Eigenkapital og kapitaldekning

Den teljande eigenkapitalen i banken per 31.03.2026 var kr 1 216 mill. Kapitaldekninga var 38,5 %, og all kapital er rein kjernekapital. Målt mot uvekta balanse var kapitaldekninga 16,9 %.

Til samanlikning var den teljande eigenkapitalen på same tidspunkt i fjor kr 1 017 mill., medan kapitaldekninga då var 31,7 % og 15,2 % målt mot uvekta balanse.

Kapitaldekninga vert utrekna i samsvar med Finanstilsynet sine forskrifter. Frå og med andre kvartal 2025 er kapitaldekninga rapportert etter regelverket i CRR3, medan tidlegare periodar er baserte på CRR2.

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapan, noko som forklarar at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Endringar i kapitaldekninga frå 2025 til 2026 må difor sjåast i lys av desse regelverksendringane. Sjå note 7.

Likviditet

Likviditetssituasjonen til banken er god. Summen av kontantbeholdning, innskot i Norges Bank og saldo i oppgjersbank var kr 433 mill. per utgangen av 1. kvartal 2026. Vidare utgjorde beholdninga av renteberande verdipapir kr 759 mill.

Banken har om lag kr 1 223 mill. i kundeinnskot ut over Bankenes Sikringsfond si grense på kr 2 mill. per innskytar. Innskot frå dei 10 største kundane utgjer om lag kr 239 mill.

Likviditetsdekningsgraden (LCR) per utgangen av kvartalet var 386 %. Minstekravet frå styresmaktene er 100 %. Banken hadde per same tidspunkt kr 300 mill. i innlån frå pengemarknaden, fordelt med 3 lån à 100 mill. Sjå note 9 for informasjon om desse innlåna.

Misleghald

Misleghaldsnoten (note 5) syner engasjement med individuelle avsetjingar for tap, misleghaldne engasjement over 90 dagar, engasjement med betalingslette samt engasjement med vesentleg auke i kredittrisiko i samsvar med IFRS 9 (trinn 3).



Resultatrekneskap

Tal i heile tusen kroner	Notar	Morbank			Konsern		
		31.03.2026	31.03.2025	2025	31.03.2026	31.03.2025	2025
Resultatrekneskap							
Renteinntekter							
Renteinntekter frå utlån til kreditt- og finansinstitusjonar		5 623	6 249	25 036	5 623	6 249	25 036
Renteinntekter frå utlån til kundar		73 476	76 233	308 564	73 476	76 233	304 419
Renteinntekter frå rentebærande verdipapir		5 158	6 326	25 022	5 158	6 326	25 022
Sum renteinntekter		84 258	88 809	358 622	84 258	88 809	354 477
Rentekostnader							
Rentekostnader på innskot frå kundar		39 032	41 318	166 189	39 032	41 318	165 979
Rentekostnader på utfærda verdipapir		3 835	4 334	16 387	3 835	4 334	16 387
Andre rentekostnader	Note 10	783	837	3 322	783	837	2 462
Sum rentekostnader		43 649	46 489	185 898	43 649	46 489	184 828
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		40 608	42 320	172 724	40 608	42 320	169 649
Provisjonsinntekter frå banktenester		4 030	3 297	14 243	4 030	3 297	14 243
Provisjonskostnader knytt til banktenester		552	583	2 525	552	583	2 525
Utbytte og andre inntekter frå eigenkapitalinstrument		3 146	2 059	11 405	3 146	2 059	11 405
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		0	0	254	0	0	0
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		154	1 044	2 651	154	1 044	2 651
Andre driftsinntekter		0	0	0	0	0	1 743
Netto andre driftsinntekter		6 777	5 817	26 028	6 777	5 817	27 517
Sum driftsinntekter		47 386	48 137	198 752	47 386	48 137	197 166
Løn og andre personalkostnader		10 121	9 163	34 930	10 121	9 163	34 930
Andre driftskostnader	Note 10	12 558	11 930	43 701	12 558	11 891	44 926
Av- og nedskrivningar	Note 10	917	886	3 539	917	886	1 980
Sum driftskostnader		23 595	21 979	82 170	23 595	21 940	81 836
Resultat før tap		23 791	26 158	116 582	23 791	26 197	115 330
Kreditttap på utlån, garantiar og rentebærande verdipapir	Note 6	499	-3 391	-101	499	-3 391	-101
Driftsresultat før skatt		23 292	29 549	116 683	23 292	29 588	115 431
Årets skattekostnad		5 500	7 000	28 123	5 500	7 000	27 911
Resultat av ordinær drift etter skatt		17 792	22 549	88 560	17 792	22 588	87 520
Postar som ikkje blir omklassifisert til resultat:							
Verdiendring aksjar FVOCI		22 029	10 811	14 409	22 029	10 811	14 409
Sum OCI - ikkje omklassifisert		22 029	10 811	14 409	22 029	10 811	14 409
Postar som kan bli omklassifisert til resultat:							
Verdiendring utlån FVOCI		-1 021	128	1 221	-1 021	128	1 221
Skatt på OCI - omklassifiserbar		255	-32	-305	255	-32	-305
Sum OCI - omklassifiserbar		-766	96	916	-766	96	916
Utvida resultat (OCI)		21 263	10 907	15 325	21 263	10 907	15 325
Totalresultat		39 055	33 456	103 885	39 055	33 495	102 845

Balanse

Tal i heile tusen kroner							
Balanse	Notar	Morbank			Konsern		
		31.03.2026	31.03.2025	2025	31.03.2026	31.03.2025	2025
Eignelutar							
Kontantar og innskot i sentralbank		287 152	402 008	385 742	287 152	402 008	385 742
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar		146 065	229 782	211 696	146 065	229 782	211 696
Utlån til kundar FVOCI	Note 3,5,6	4 073 802	3 795 163	4 023 557	4 073 802	3 795 163	4 023 557
Utlån til kundar – amortisert kost	Note 3,5,6	1 483 329	1 490 197	1 511 192	1 423 329	1 429 687	1 451 192
Renteberande verdipapir	Note 8	759 249	524 433	507 898	759 249	524 433	507 898
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	Note 8	331 814	259 861	335 648	331 842	259 889	335 676
Investeringar i dotterselskap	Note 2	56 025	27 857	46 370	9 655	0	0
Investeringseigedom			0	0	39 720	33 853	39 720
Eigarnytta eigedom		16 825	20 367	17 711	38 796	39 637	39 682
Andre varige driftsmidlar	Note 10	8 385	7 673	8 398	8 385	7 673	8 398
Utsett skattefordel		170	170	0	170	446	0
Andre eignelutar		5 133	4 159	4 281	5 207	4 204	4 355
Sum eignelutar		7 167 949	6 761 670	7 052 493	7 123 372	6 726 775	7 007 916
Gjeld og egenkapital							
Innlån frå kredittinstitusjonar		1 541	1 324	647	1 541	1 324	647
Innskot frå kundar	Note 4	5 498 701	5 185 163	5 392 292	5 490 366	5 177 347	5 383 957
Verdipapirgjeld	Note 9	302 007	302 887	302 064	302 007	302 887	302 064
Anna gjeld	Note 10	41 871	42 704	55 466	5 847	18 312	19 442
Pensjonsskuldnader		0	1	0	0	0	0
Skuldig skatt	Note 6	18 912	26 014	28 075	22 492	26 046	31 655
Avsetjingar for garantiar og rammekredittar		353	498	440	353	498	440
Sum gjeld		5 863 385	5 558 591	5 778 984	5 822 606	5 526 414	5 738 205
Grunnfondskapital							
Sparebanken sitt fond		1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 090 697	1 018 678	1 106 697
Gåvefond		28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Sum grunnfondskapital		1 122 495	1 041 436	1 130 495	1 118 697	1 038 678	1 126 697
Fond for verdiregulering		164 277	128 188	143 014	164 277	139 095	143 014
Ikkje disponert resultat		17 792	33 456	0	17 792	22 588	0
Sum eigenkapital	Note 7	1 304 564	1 203 079	1 273 509	1 300 766	1 200 361	1 269 711
Sum gjeld og eigenkapital		7 167 949	6 761 670	7 052 493	7 123 372	6 726 775	7 007 916

Styret i Voss Sparebank
13. mai 2026



Trond Syversen
Styreleiar



Helene Stråtveit
Nestleiar



Gunn Irene Hommedal Kvitne
Styremedlem



Knut Olav Røssland Nestås
Styremedlem



Olav Bjørgum
Styremedlem



Liv Randi Øvsthus
Styremedlem, tilsett



Jørund Rong
Adm banksjef

Eigenkapitaloppstilling

1. kvartal 2026

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	1 110 495	20 000	143 014	1 273 509
Resultat etter skatt	17 792	0	0	17 792
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	22 029	22 029
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-1 021	-1 021
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	255	255
Totalresultat for perioden	17 792	0	21 263	39 055
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 31.03.2026	1 112 287	28 000	164 277	1 304 564
Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	1 106 697	20 000	143 014	1 269 711
Resultat etter skatt	17 792	0	0	17 792
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	22 029	22 029
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-1 021	-1 021
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	255	255
Totalresultat for perioden	17 792	0	21 263	39 055
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 31.03.2026	1 108 489	28 000	164 277	1 300 766

1. kvartal 2025

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	1 035 437	13 000	128 188	1 176 625
Resultat etter skatt	22 549	0	0	22 549
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	10 810	10 810
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	128	128
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-32	-32
Totalresultat for perioden	22 549	0	10 906	33 455
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 31.03.2025	1 043 986	20 000	139 094	1 203 080
Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	1 032 679	13 000	128 188	1 173 867
Resultat etter skatt	22 588	0	0	22 588
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	10 810	10 810
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	128	128
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-32	-32
Totalresultat for perioden	22 588	0	10 906	33 494
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 31.03.2025	1 041 267	20 000	139 094	1 200 361

Notar

Note 1. Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Banken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har hovudkontor og besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

Nærstående partar

Voss Sparebank Eigedom AS, org.nr. 896 324 012

Voss Sparebank Eigedom AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS, org.nr. 945 665 343

Voss Invest AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS, org.nr. 993 971 804

Selskapet er eigd 51 % av Voss Sparebank, og driv meklartenester på Voss. Selskapet er lokalisert i nabobygget til banken. Denne eigedommen er eigd av Kvitanosi AS.

AS Jernvangen, org.nr. 945 418 311

AS Jernvangen er eigd 100 % av banken sitt dotterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom Voss Invest AS, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. Selskapet er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringseigdom sentralt på Vossevangen.

Hanguren AS, org.nr. 930 300 322

Hanguren AS er eigd 100% av Voss Invest AS Selskapet eig det gamle bankbygget i Odda, lokalisert i Røldalsvegen 25 i Odda sentrum. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse.

Kvitanosi AS, org.nr. 980 104 885

Kvitanosi AS, tidlegare Proaktiv Voss Eiendom AS, er eigd 100 % av Voss Invest AS. Selskapet eig eigedommen i Vangsgata 16 på Voss, der meklarforetaket Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS er lokalisert. Voss Invest AS kjøpte selskapet i 1. kvartal 2026.

Note 2. Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Delårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8 og IAS 34 Delårsrapportering. Delårsrekneskapen er ikkje ein fullstendig rekneskap, og må sjåast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Rekneskapsprinsippa og metodevala nytta i delårsrekneskapen er dei same som i årsrekneskapen for 2025, med mindre anna er særskilt opplyst.

IFRS og rekneskapsstandardar

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) fastsette av EU. Leigeavtalar vert rekneskapsførte etter IFRS 16.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, vert utbyte og konsernbidrag frå dotterselskap rekneskapsførte i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Konsolidering – endringar i konsernstrukturen

I fyrste kvartal 2026 har konsernet hatt følgjande endringar i konsernstrukturen:

Dotterselskapet Voss Invest AS kjøpte 100 % av aksjane i Kvitanosi AS (org.nr. 980 104 885). Kvitanosi AS er konsolidert i konsernrekneskapen frå kjøpstidspunktet.

Voss Sparebank kjøpte i same periode 51 % av aksjane i Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS (org.nr. 993 971 804). Selskapet er konsolidert i konsernrekneskapen frå tidspunktet banken oppnådde kontroll.

Prinsippa for konsolidering er elles uendra frå årsrekneskapen for 2025. Nærare omtale av kjøpa og relasjonar til nærstående partar går fram av note 1 og noten om nærstående partar.

Inntektsføring

Renteinntekter og rentekostnader vert resultatførte etter effektiv rentemetode. Gebyr og provisjonar vert resultatførte etter kvart som tenestene vert leverte. Gebyr knytte til etablering av utlån inngår i utrekninga av amortisert kost og vert inntektsførte over lånet si forventa løpetid.

Utbyte frå investeringar vert resultatført på tidspunktet generalforsamlinga vedtek utbytet.

Finansielle instrument

Finansielle eignelutar og plikter vert klassifiserte og målte i samsvar med IFRS 9. Klassifiseringa er basert på banken sin forretningsmodell og dei kontraktfesta kontantstraumane.

Utlån til kundar vert hovudsakleg målt til amortisert kost. Utlån som kan overførast til bustadkredittføretak er klassifiserte til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat. Likviditetsporteføljen er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

Nedskrivning av finansielle eignelutar

Tapsavsetjingar vert rekna etter modellen for forventa tap i IFRS 9. Banken nyttar ein modell som byggjer på interne data, framoverskuande makroøkonomiske scenario og parameterane sannsyn for misleghald (PD), tap gjeve misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD). Prinsippa for nedskrivning er uendra frå årsrekneskapen for 2025.

Skatt

Skattekostnaden omfattar betalbar skatt og endring i utsett skatt, berekna på mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i samsvar med gjeldande skattereglar.

Hendingar etter balansedagen

Hendingar etter balansedagen som gjev informasjon om tilhøve som fanst på balansedagen, er tekne omsyn til i rekneskapen. Vesentlege hendingar etter balansedagen som gjeld nye tilhøve, vert opplyste dersom relevante.

Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Landbruk	418 922	380 262	432 806	418 922	380 262	432 806
Industri og bergverk	38 494	40 220	38 983	38 494	40 220	38 983
Bygg og anlegg	85 121	105 550	87 570	85 121	105 550	87 570
Varehandel	81 560	98 480	83 798	81 560	98 480	83 798
Transport	21 523	21 856	21 753	21 523	21 856	21 753
Overnatting og servering	67 850	75 741	66 085	67 850	75 741	66 085
Omsetjing og drift av fast eiendom	539 916	559 372	570 500	479 916	498 862	510 500
Fagleg og finansiell tenesteyting	24 050	23 486	22 020	24 050	23 486	22 020
Forretningsmessig tenesteveytning	64 485	46 692	65 268	64 485	46 692	65 268
Anna tenesteyting	94 136	81 677	85 553	94 136	81 677	85 553
Sum næringskunder	1 436 057	1 433 336	1 474 336	1 376 057	1 372 826	1 414 336
Personkunder	4 159 912	3 886 709	4 097 498	4 159 912	3 886 563	4 097 498
Brutto utlån til kunder	5 595 969	5 320 045	5 571 834	5 535 969	5 259 389	5 511 834
Steg 1 nedskrivningar	8 321	6 635	9 031	8 321	6 489	9 031
Steg 2 nedskrivningar	2 848	4 314	4 256	2 848	4 314	4 256
Steg 3 nedskrivningar	29 993	25 989	27 144	29 993	25 989	27 144
Tilbakeført nedskrivning for lån til verkeleg verdi trinn 1 (OCI)	-2 324	-2 253	-3 346	-2 324	-2 253	-3 346
Sum nedskrivningar	38 838	34 685	37 085	38 838	34 539	37 085
Netto utlån til kunder	5 557 131	5 285 360	5 534 749	5 497 131	5 224 850	5 474 749
Utlån formidla via Verd Boligkreditt AS	267 065	256 917	290 281	267 065	256 917	290 281
Samla utlån medrekna portefølje i bustadkredittføretak	5 824 196	5 542 277	5 825 030	5 764 196	5 481 767	5 765 030

Note 4. Innskot frå kunder fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Landbruk	249 316	226 151	190 086	249 316	226 151	190 086
Industri og bergverk	60 392	71 770	64 562	60 392	71 770	64 562
Bygg og anlegg	118 305	154 929	151 944	118 305	154 929	151 944
Varehandel	63 380	80 310	76 855	63 380	80 310	76 855
Transport og lagring	46 620	48 641	50 206	46 620	48 641	50 206
Overnatting og servering	27 104	22 550	35 835	27 104	22 550	35 835
Omsetjing og drift av fast eiendom	163 298	110 531	157 765	154 963	107 141	149 430
Fagleg og finansiell tenesteyting	150 423	120 319	124 579	150 423	115 893	124 579
Forretningsmessig tenesteveytning	27 630	31 515	25 721	27 630	31 515	25 721
Anna tenesteyting	345 485	319 050	342 106	345 485	319 050	342 106
Sum næringskunder	1 251 953	1 185 766	1 219 659	1 243 618	1 177 950	1 211 324
Personkunder	4 246 748	3 999 397	4 172 633	4 246 748	3 999 397	4 172 633
Sum innskot fra kunder	5 498 701	5 185 163	5 392 292	5 490 366	5 177 347	5 383 957

Note 5. Kredittsvekka engasjement

Banken deler kredittsvekka engasjement inn i følgjande tre grupper:

Misleghaldne engasjement over 90 dagar: Engasjement der betaling har vore misleghalden i 90 dagar eller meir.

Andre tapsutsette engasjement: Engasjement der det er innvilga vesentleg betalingslette, samt andre engasjement der banken har gjort individuell nedskrivning for tap.

Engasjement med betalingslette elles: Engasjement med betalingslette som ikkje er omfatta av dei to kategoriane ovanfor.

	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Misleghaldne engasjement over 90 dagar (trinn 3)						
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknad	1 439	6 801	771	1 439	6 801	771
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	1 541	796	1 534	1 541	796	1 534
-Nedskrivningar i steg 3	614	1 350	508	614	1 350	508
Netto misleghaldne engasjement	2 366	6 247	1 796	2 366	6 247	1 797
Andre tapsutsette engasjement	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement - privat	42 433	3 795	40 182	42 433	3 795	40 182
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedrifter	50 265	57 815	50 487	50 265	57 815	50 487
-Nedskrivningar i steg 3	29 256	24 639	26 759	29 256	24 639	26 759
Netto tapsutsette engasjement	63 442	36 971	63 910	63 442	36 971	63 910
Lån med betalingslette elles	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Personmarknad	13 147	65 265	26 021	13 147	65 265	26 021
Bedriftsmarknad	7 042	4 582	9 042	7 042	4 582	9 042
SUM lån med betalingslette elles	20 189	69 847	35 063	20 189	69 847	35 063

Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unyttta kredittar og lånetilsagn

PM -Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 395	1 263	6 153	10 811
Overført til trinn 1	60	-60	0	0
Overført til trinn 2	-24	34	-10	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-960	-40	1 001	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-197	342	-89	56
Nye tap	280	0	0	280
Frårekna tap	-138	-19	0	-157
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	2 416	1 520	7 055	10 991

PM - Volumendring balanseførde lån

Endringar i avsetjingar og nedskrivningar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 885 961	177 022	34 910	4 097 893
Overført til trinn 1	36 668	-36 668	0	0
Overført til trinn 2	-34 726	38 427	-3 701	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-6 021	-6 664	12 686	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-3 029	-959	-77	-4 065
Tapsvurdering, nye lån	283 375	0	0	283 375
Tapsvurdering, avgang lån	-211 447	-8 712	0	-220 159
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	-502	0	0	-502
Utgående balanse	3 950 279	162 446	43 818	4 156 543

PM - Endring utanom balansen

Endringar i avsetjingar og nedskrivningar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	26	0	0	26
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	8	1	0	9
Tapsvurdering, nye lån	0	0	0	0
Tapsvurdering, avgang lån	-1	0	0	-1
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	33	1	0	34

BM - Endring i tapsavsetjinger balanseførde lån

Endringer i avsetjinger og nedskrivninger, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	5 636	2 992	20 991	29 619
Overført til trinn 1	240	-240	0	0
Overført til trinn 2	-21	21	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1 622	0	1 622	0
Netto endring innanfor kvart trinn	1 622	-1 035	137	724
Nye tap	264	0	0	264
Frårekna tap	-214	-409	0	-623
Endring i risikomodel/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	5 905	1 329	22 750	29 984

BM - Volumendring balanseførde lån

Endringer i avsetjinger og nedskrivninger, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	1 282 463	150 711	41 162	1 474 336
Overført til trinn 1	44 011	-44 010	0	1
Overført til trinn 2	-11 464	11 464	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-10 145	0	10 146	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-27 165	-15 797	-66	-43 028
Tapsvurdering, nye lån	70 060	0	0	70 060
Tapsvurdering, avgang lån	-54 257	-7 687	0	-61 944
Endring i risikomodel/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	1 293 503	94 681	51 242	1 439 426

BM - Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	159	131	124	414
Overført til trinn 1	7	-7	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-19	-14	-60	-93
Tapsvurdering, nye lån	1	0	0	1
Tapsvurdering, avgang lån	-3	0	0	-3
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodel/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	145	110	64	319

BM - Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	9 216	4 386	27 268	40 870
Overført til trinn 1	307	-307	0	0
Overført til trinn 2	-45	55	-10	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-2 582	-40	2 623	1
Netto endring innanfor kvart trinn	1 414	-706	-12	696
Tapsvurdering, nye lån	545	0	0	545
Tapsvurdering, avgang lån	-356	-428	0	-784
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Endring i amortisering frå 31.12.	0	0	41	41
Utgående balanse	8 499	2 960	29 910	41 369
Konstaterte tap	0	0	0	0
Inngang tidlegare konstaterte tap	0	0	0	0
Resultatført tap	-717	-1 426	2 642	499

Note 7. Kapitaldekning

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALDEKNING						
Sjå fotnote 1)		Morbank			Konsern	
ansvarleg kapital	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Sparebanken sitt fond	1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 094 495	1 018 678	1 106 697
Gåvefond	28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Fond for verdjusteringar	164 277	138 998	143 014	164 277	138 998	143 014
Sum bokført eigenkapital	1 286 772	1 180 434	1 273 509	1 286 772	1 177 676	1 269 711
Framlegg til disponering for ålmennyttige føremål	-	-	-8 000	-	-	-8 000
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-65 832	-158 538	-164 308	-65 832	-158 538	-164 308
Verdjustering for krav om forsv. verdifastsetjing	-5 165	-4 579	-4 867	-5 165	-4 579	-4 867
Rein kjernekapital	1 215 775	1 017 317	1 096 334	1 215 775	1 014 559	1 092 536
Fondsobligasjonar	-	-	-	-	-	-
frådrag i kjernekapital	-	-	-	-	-	-
Kjernekapital	1 215 775	1 017 317	1 096 334	1 215 775	1 014 559	1 092 536
ansvarleg lånekapital	-	-	-	-	-	-
frådrag i tilleggskapital	-	-	-	-	-	-
Ansvarleg kapital	1 215 775	1 017 317	1 096 334	1 215 775	1 014 559	1 092 536
Eksponeringskategori (vekta verdi)						
Statar	-	-	-	-	-	-
Lokale/regional styresmakter	63 798	37 848	53 147	63 798	37 848	53 147
Offentleg eigde føretak	-	-	-	-	-	-
Institusjonar	59 480	78 257	70 178	59 480	78 257	70 158
Føretak	121 650	64 839	81 712	121 650	64 839	81 712
Massemarknad	594 274	317 055	581 617	594 274	317 055	581 617
Pant i fast eigedom	1 486 917	2 104 573	1 504 966	1 486 917	2 093 647	1 457 804
Forfalte engasjement	65 525	46 703	57 950	65 525	46 703	57 950
Engasjement med høg risiko	18 188	10 786	30 000	18 188	10 786	30 000
Obligasjonar med fortrinnsrett	24 263	31 189	15 507	24 263	31 189	15 507
Fordr. på institusjonar/føretak med korts. rating	-	-	-	-	-	-
Lutar verdipapirfond	80 000	-	51 898,00	80 000	-	51 898,00
Eigenkapitalposisjonar	392 195	303 064	296 526	345 825	275 207	270 516
Andre engasjement	46 379	46 917	44 519	108 144	100 040	97 963
CVA-tillegg	-	-	-	-	-	-
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	2 952 669	3 041 231	2 788 020	2 968 064	3 055 571	2 768 272
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	274 298	324 661	333 500	274 298	324 661	333 500
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-65 832	-158 538	-164 308	-65 832	-158 538	-164 308
Utrekningsgrunnlag	3 161 135	3 207 354	2 957 212	3 176 530	3 221 694	2 937 464
Rein kjernekapitaldekning %	38,46 %	31,72 %	37,07 %	38,27 %	31,49 %	37,19 %
Kjernekapitaldekning %	38,46 %	31,72 %	37,07 %	38,27 %	31,49 %	37,19 %
Kapitaldekning %	38,46 %	31,72 %	37,07 %	38,27 %	31,49 %	37,19 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	16,91 %	15,23 %	15,75 %	16,96 %	15,23 %	15,78 %
Konsolidering av samarbeidande grupper 2)						
Ansvarleg kapital	1 352 714	1 147 223	1 240 669	1 352 714	1 144 465	1 237 984
Kjernekapital	1 337 449	1 134 018	1 226 151	1 337 449	1 131 260	1 223 466
Rein kjernekapital	1 325 447	1 121 760	1 224 844	1 325 447	1 119 002	1 222 159
Utrekningsgrunnlag	3 710 903	3 755 386	3 571 046	3 726 298	3 769 726	3 551 298
Kapitaldekning i %						
Kapitaldekning %	36,45 %	30,55 %	34,70 %	36,30 %	30,36 %	34,86 %
Kjernekapitaldekning %	36,04 %	30,20 %	34,29 %	35,89 %	30,01 %	34,45 %
Rein kjernekapitaldekning %	35,72 %	29,87 %	34,25 %	35,57 %	29,68 %	34,41 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	16,18 %	14,82 %	15,29 %	16,22 %	14,86 %	15,32 %

1) Frå og med 30. juni 2025 er kapitaldekninga rapportert i samsvar med regelverket i CRR3. Tal for tidlegare periodar er baserte på regelverket i CRR2. Banken nyttar standardmetoden for kredittrisiko og har heller ikkje tidlegare nytta interne modellar. Banken er likevel påverka av fleire endringar i CRR3, mellom anna justert risikovekting av bustadlån og SMB-eksponeringar, nye krav til utrekning av operasjonell risiko samt endringar knytte til einskilde motpartar. Endringar i kapitaldekninga frå tidlegare periodar må difor tolkast i lys av desse regelverksendringane. Banken vurderer kapitaldekninga per 31.03.2026 som god og godt over gjeldande kapitalkrav.

2) Samarbeidande grupper er i dette høvet:

- Verd Boligkreditt - banken eig 0,94% av selskapet
- Brage Finans AS - banken eig 2,26% av selskapet

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapen, noko som forklarar at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi

31.12.2025	Konsern			
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 023 557	4 023 557
Obligasjonar til verkelig verdi over resultat		507 898		507 898
Rentefond til verkelig verdi over resultat		71 978		71 978
Aksjer til verkelig verdi over resultat	3 019			3 019
Aksjer til verkelig verdi over utvidet resultat	89 708		170 942	260 650
Sum	92 727	579 876	4 194 499	4 867 102
31.03.2026	Konsern			
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 073 802	4 073 802
Obligasjonar til verkelig verdi over resultat		739 168		739 168
Rentefond til verkelig verdi over resultat		71 978		71 978
Aksjer til verkelig verdi over resultat	3 019			3 019
Aksjer til verkelig verdi over utvidet resultat	102 587		174 831	277 418
Sum	105 606	811 146	4 248 633	5 165 385
Avstemming av nivå 3	Utlån til kundar	Aksjar	Sum nivå 3	
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2025	4 023 557	170 942	4 194 499	
Realisert vinst/tap	-	-522	-522	
Urealisert vinst/tap ført mot resultat	-156	0	-156	
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	1 021	20	1 041	
Kjøp verdipapir / nye lån	49 380	7 671	57 051	
Tilbakekjøp / sal	-	-3 280	-3 280	
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.03.2026	4 073 802	174 831	4 248 633	

Verkeleg verdi av finansielle instrument vert klassifisert i tre nivå basert på kva type input som er nytta i verdsetjinga:

Nivå 1 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknader for identiske eignelutar eller skyldnadar.

I denne kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsette i aktive marknader.

Nivå 2 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av observerbar marknadsinformasjon, direkte eller indirekte, som ikkje er noterte prisar i aktive marknader. Dette omfattar mellom anna noterte prisar i ikkje-aktive marknader for identiske eller tilsvarende eignelutar og skyldnader.

I denne kategorien inngår sertifikat og obligasjonar som vert omsette i ikkje-aktive marknader. Verdsetjinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbare data som rentekurver, valutakursar og kredittmarginar knytte til dei aktuelle instrumenta.

Nivå 3 - Finansielle instrument som ikkje kan verdsetjast basert på observerbare marknadsdata.

I denne kategorien inngår aksjar som ikkje vert omsette i aktive marknader, samt utlån til kundar som er klassifiserte i IFRS 9-kategorien «verkeleg verdi over utvida resultat».

Verdsetjinga i nivå 3 byggjer på vurderingar av underliggjande eignelutar og gjeld i selskapet, forventa kontantstraumar og andre verdsetjingsmodellar der det vert nytta input som i liten grad er observerbar eller eksternt verifiserbar.

Utlån klassifiserte til «verkeleg verdi over utvida resultat» vert vurderte til amortisert kost. Nedskrivning i steg 1 i IFRS 9-modellen er modellbasert og vurdert til ikkje å påverke verkeleg verdi ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi av desse utlåna er difor vurdert lik amortisert kost utan nedskrivning i steg 1.

Banken sine verdsetjingsmetodar er utforma for å maksimere bruken av observerbare marknadsdata der dette er tilgjengeleg, og byggjer i minst mogleg grad på banken sine egne skjønnsmessige vurderingar.

Note 9. Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rentevilkår
				31.03.2026	31.03.2025	
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0011117210	07.10.2021	07.10.2025	150 000	0	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,47 %
NO0013116384	11.01.2024	11.01.2027	100 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,86 %
NO0013460733	17.01.2025	17.11.2027	150 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
NO0013638544	28.08.2025	28.08.2028	150 000	100 000	0	3 mnd. NIBOR + 0,54 %
Periodiserte renter på verdipapirgjeld				2 007	2 887	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				302 007	302 887	
Endringar i verdipapirgjeld hittil i år		Nye lån	Innfringar	Andre endringar	Endring balanse hittil i år	
Sertifikatgjeld		-	-	-	-	
Obligasjongjeld		100 000	-100 000	880	880	
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir		100 000	-100 000	880	880	

Note 10. IFRS leigeavtalar

I samband med inngåing av ny tiårig leigeavtale mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom AS er leigeavtalen rekneskapsført i samsvar med IFRS 16.

Ved implementering av leigeavtalen vart det balanseført ein bruksrettseigedel på kr 30,6 mill., tilsvarande noverdien av leigeavtalen. Samstundes vart det balanseført ei leigeforplikting på kr 30,6 mill.

Balanseføringa av bruksrettseigedelen har òg påverka banken si kapitaldekning. Som følgje av implementeringa vart kapitaldekninga redusert med 31 basispunkt.

Ved utrekning av noverdien er det nytta ein diskonteringsrente på 4,0 %. Banken har berre éin leigeavtale, og årleg leigesum utgjer kr 4 284 000.

Leigeskuldnadar	31.03.2026
Inngåande balanse	19 357
Husleigebetaling	-1 071
Kapitalisert rente	191
Utgåande balanse	18 477
Balanseført bruksrett	31.03.2026
Inngåande balanse	17 711
Avskrivningar	-886
Utgåande balanse	16 825
Resultatpostar	31.03.2026
Avskrivning bruksrett	886
Rentekostnad leieforpliktingar	184
Sum rente- og avskrivingskostnadar bankbygg	1 070